

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Arild Borgen sette fram forslag til nye pkt.

2) Bergensprogrammet:

a) Fylkestinget ber fylkesordfører kontakte statlige myndigheter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

- a) Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar.
- b) Der målet ikkje er nådd vert det lagt frem tiltaksplan i eigen Fylkesvegplan for gang og sykkel.
- c) Fylkestinget ber om at veg gjennom Toskedalen nord på Osterøy vert vurdert som mogeleg omkjøringsveg for E16 ved stenging

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 2 fekk 6 røyster (R, A, SP) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 3a og b fekk 7 røyster (R, A, SP, KRF) og fall.

Arild Borgen sitt forslag til nytt pkt 3c fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet